

NR. 5

JUNI 1983.

16. ÅRG.

Ny omberingsmåte for kyrkjelydsbladet



*Soknerådsformann Marit Gilje
prøver seg som bladberar.*


Kyrkjelydsbladet vert i dag sendt til alle husstandane i Arna gjennom Postverket. Dette kostar bladet nokså mykje i porto kvart år. For at bladet kan få betre økonomi har sokneråda vedteke å prøva å dela ut bladet sjølv med hjelp av frivillege bladberarar.

Den ordninga startar opp med neste nummer av bladet. Det kjem ut rundt 1. september.

Vi veit mange set pris på å få bladet, og sokneråda vil gjerne at alle framleis skal få det. Ei slik

Framhald s. 14

Ordinasjon av Stein Ove Skadal




Torsdag 16. juni vert cand.theol. Stein Ove Skadal frå Ytre Arna ordinert til prest. Ordinasjonen vert ved biskop Thor With i Åsane kyrkje kl. 18.30.

Det vert saman med 3 andre teologiske kandidatar.

Det vil vera fint om ein del frå Ytre Arna også finn vegen til Åsane kyrkja den kvelden.

Glimt frå konfirmasjon og konfirmantfest s. 8-10

Eit målband for livet?



Til daglig lager vi forskjellige utgangspunkt for holdningene våre.

Respekt for mennesker graderes lett etter egenskaper hos den enkelte. Visse yrker er med på å gi personer status og kanskje innflytelse. De gamle mister respekt for det de sier og gjør fordi de blir gamle. Bibelen taler om at menneskets verdi ikke ligger i egenskaper hos mennesket selv. Verdien er noe Gud har gitt alle i like stort monn. Mennesket verdsettes ikke ut fra evner, anlegg og økonomi. Verdien kommer utenfra - av Gud.

Å snakke om menneskeverd og livets ukrenkelighet er viktige sider ved den kristne tro.

Den verdien Gud har gitt oss demonstrerer Han gjennom Jesus.

Jesus Kristus ønsker at vi skal ta i mot Han og bruke Han som en reell kraftkilde for dagene og utfordringene som møter oss.

Et målband må ha et utgangspunkt for malingen. Søk først Guds rike - er en oppfordring til alle.

Thor Horntvedt

Kyrkjelydstur

Søndag 28. august 1983 vert det kyrkjelydstur til Tysnes for Arna og Ytre Arna sokner. Vi køyrer med buss/privatbil til Halhjem (ca 45 min. frå Arna).

Ferja til Våge brukar 35-40 min. Det er unødvendig å ta bilane med. Vi tek del i gudstenesta i Tysnes kyrkje kl.11.00. Etterpå samlast vi til måltid i bedehuset som ligg like ved kyrkja.

Ettermiddagen nyttar vi som friluftsdag. Vertilhøva avgjer om vi kan tilby motorbåttur, busstur rundt øya, tur i marka/fjellet, strandtur, ballspel, leikar o.l.

Dersom véret skulle snu vrangside til, tyr vi inn i bedehuset som er stort og godt og kan nyttast til ymse aktivitetar. Vi vonar dette kan vera eit turopplegg som freistar born, unge og eldre. Prisen er ikkje fastsett, men truleg kjem han ikkje til å bli skremmande.

Opplysningar med ymse detalja som tidspunkt for avreise og retur, pris, påmelding o.l. vert gjeven ved dei siste gudstenestene før turdagen.

Så ønskjer vi alle vel møtt til ein hyggeleg tur!

Sokneråda i Arna og Ytre Arna

Eldretur

«Eldretreffen på Flatane», Ytre Arna, arrangerar tur onsdag 17. august. Turen går til Sotra der vi får middag i den ombygde prestegardsløa i Klokkarvik. Vi skal også innom Haakonvern med omvisning i kyrkja og på marinebasen.

Nærare opplysningar og påmelding til Ytre Arna kyrkjekontor tlf. 24 23 03 eller res. kap. Harald Sundsbø. Alle eldre er velkomne til å vera med.

Ytre Arna kyrkjekor og Ytre Arna Barne- og ungdomskor

Vi startar opp etter ferien med øving tirsdag 23. august. Barnekoret kl. 16.30 (frå 3.-6. klasse).

Ungdomskoret kl. 17.30 (frå 7. klasse og oppover).

Kyrkjekoret kl. 19.00.

Nye medlemmer er velkomne!

Høyreanlegget i Ytre Arna Kyrkje

Det er no i alt kome inn kr. 15251,-. Av dette har Ytre Arna husmorlag gjeve kr. 1900,- og Vestlandsbanken kr. 300. Vi takkar hjarteleg for alle gåver. Framleis ventar vi på godkjenning frå kommunen for å kunna monterte anlegget.

Kyrkjelyds frukost 19. juni

Hugsar du den juni-morgonen for tre år sidan då vi åt frukost på «Kyrkjebakken» ved Arna kyrkje før gudstenesta? Vi hadde mat og termos med oss og sat ved langbord på parkeringsplassen - i strålende solskin...

No er vi inviterte til kyrkjefrukost igjen, og det er Ungdomsrådet som innbyr.

Søndag 19. juni er dagen, og vi møtest ved Arna kyrkje kl. 10.00.

Mat og drikke tar vi med oss.

Dersom det vert regnver, går vi under tak i Ådnahall.

VELKOMMEN!

Sykkeltur!

Etter familiegudstenesta i Arna kyrkje 12/6 sykklar vi til Moldalia. Dei som er avhengig av å bruka bil kan gjera det. I Moldalia samlast vi til pøsespidning, sang og litt moro. Kvar enkelt må ta med seg pølser (mat) og drikke. Skulle veret verta dårleg, satsar vi berre på sykkelturn.

Set sykkelen i stand og bli med!

Helsing
Komiteen for
kyrkjelydstreffa

Ferie for prestane

Res.kap. Sundsbø har ferie: 20.6-18.7.

Sokneprest Øy har ferie: 18.7-15.8.

Familiegudsteneste

Sundag 12. juni er det familiegudsteneste i begge kyrkjene. Familiegudstenestene er for alle frå 0 til 100 år!

MØBLAR TIL HYBEL

Ytre Arna sokneråd treng møblar til hybel for «eittåringen» som skal arbeida i kyrkjelyden frå august. Har du noko å låna ut eit år eller gje, kan du kontakta:

Kyrkjelydskontoret:
tlf. 24 23 03

Eli Mohn: tlf. 24 10 58
eller andre medlemmer i soknerådet



Brev frå Kirsten og Ottar Hope

Torsdagettermiddag

Det er torsdagettermiddag. Forsåvidt ein alminneleg vekedag, men likevel litt forandring frå det daglege strevet for ein del koner her i landsbyen. Det skal vera kvinnemøte på verandaen hjå misjonærane. I dammen nedafor «misjonen» er det fullt liv og røre. Konene badar og skifter sarie. Så er det heim etter ein to-tre born som sikkert vil vera med, og i løpet av timen mellom 3 og 4 er det samla 15-20 koner samt ein del born, dei sistnevnte er nok like mykje ute som inne under møtet. Første post på programmet er handarbeid. Det består i oppklipping av gamle bukser og kjolar som har samla seg opp i løpet av dei siste åra, dels som gaver frå Norge, dels utbrukt «misjonærtøy». Nokre syr kortbukser til borna sine, det er det første og ikkje altfor vanskeleg. Dei fleste har ikkje halde i nål og tråd før, så det lyt vera lett i starten. Seinare får dei prøva seg på underskjørt til å ha under sarien, og så bluse til. På den måten vonar ein at dei skal få litt varme kle til vinteren. Neste post er te-driking. Slikt høyrer alltid med når folk samlast her ute. Og etter litt song, er det andakt. Dei fleste av dei har aldri høyrte evangeliet før, og forstår kanskje ikkje så mykje av det umiddelbart. Men «såkornet» er spirekraftig, og litt etter litt vil det gjera si gjerning mellom dei. Og desse er for ein stor del konene til menn som arbeider hjå misjonærane, enten som gartner, kokk og mennene får også høyra evangeliet gjennom regelmessige andaktar for dei ansatte.

Vil nokon be for dette arbeidet? Be at Ordet må gjera si gjerning at trua må bli skapt, og at nokre må bli kristne. Utan forbøn er misjonsarbeidet eit slag i lause lufta, og sluttar med varme kle og bukser til borna, men me ville gjerne at dei også skulle få møta Han som kan gje hjelp for det aller vanskelegaste problem for oss menneske, vår synd, han som kan tilgje og gjera menneske til Guds barn. Og det er berre Jesus som til sjuande og sist kan ordna opp for oss inn for Gud. Og det har han faktisk gjort då han døde, og det gjeld berre at alle får vita det.

Veit du det?

Vil du be om at andre må få vita det?

Helsing frå
Kirsten og Ottar Hope

Konfirmant neste år?

For dei som ynskjer å delta i konfirmasjonstida komande vinter, vert det innskriving første veka etter skuleferien. Innmelding til konfirmasjonstida føregår desse stadene:

Ådnamarka skule:
Onsdag 17. ausust.

Indre Arna skule:
Onsdag 17. august.

Lone skule:
Torsdag 18. august.

Garnes ungdomsskule:
Torsdag 18. august.

Ytre Arna, kyrkjelydshuset:
Torsdag 18. august.

Alle stader:
Gutar kl. 17.00, jenter kl. 18.00.

Dei som skal gå til konfirmasjonsundervisning på Trengereid, møter til innskriving på Garnes ungdomsskule. Dei som ikkje er døypte i Arna, tar med dåpsattest!


Georg Washington

George Washington fikk en gang en liten øks av sin far. Jublende glad sprang han ut i gården og prøvde øksen på alt han så.

Til sist kom han også ned i hagen, og her hogget han på kryss og tvers i et prektig pæretre. Da han var blitt trett av arbeidet, gikk han inn. Etter en stund kom faren ned i hagen, og da han fikk se at

3. klasse med gave til kyrkjelydshuset

I samband med at 3. klasse ved Ytre Arna skule var på vitjing i kyrkja, hadde dei med seg ei gave til Kyrkjelydshuset. Det var ein fin veggdekorasjon klassen sjølv hadde laga. Her ser me biletet av den. Den pyntar fint opp på veggen, og me seier varmt takk for gáva.



I samarbeid mellom skule og kyrkje er eit besøk i kyrkja for 3. klasse ein av dei tinga ein arbeider med.

pæretreet var ødelagt, ble han aldeles fortvilet. Han spurte hvem det var som hadde gjort dette. Georg betenkte seg et øyeblikk. Men så fattet han mot, og sa: «Far jeg kan ikke lyve, jeg har gjort det med min øks».

Faren tok ham da i sine armer og sa: «Kjære Georg, jeg ville heller miste tusen pæretre enn ha en sønn som lyver.

Gud kjenner alle


Har du nokon gong tenkt deg at du skulle telja alle fuglane som er der du bur? Eg trur det ville verta vanskeleg. Det er så mange av dei, særleg om sommaren.

Men Gud kan telja dei. Han kjenner kvar einaste fugl i heile verda og bryr seg om dei. Dette fortel Jesus til oss i Bibelen. Han vil vi skal vita at når Gud bryr seg om dei små fuglane, så bryr han seg endå mykje meir om dei store menneskeborna. «Ver ikkje redde», sa Jesus, «de er meir verd enn mange fuglar.»

Av og til kjenner me oss små og einsame og redde. Det er så mange menneske i verda. Men Gud kjenner kvar einaste av oss. Han er alltid glad i oss og veit kva vi treng. Difor vil han også at vi alltid skal vera glad i han og lita på han. Då treng me ikkje vera redde.

Det er alltid moro med papirfigurar. Når du har laga ei lang remse, kan du fargeleggje dei slik at dei liknar deg og venene dine. Skriv gjerne namna deira på.

Papirfigurane kan minna deg om at Gud veit namna på alle. Han kjenner oss og bryr seg om oss.



1) Brett ein kvit papirstrimmel i flader.

2) Teikn eit menneske på og klypp rundt, men lat armene hengja saman.

3) Trekk papiret ut og lag ei lang remse. Fargelegg figurane.

Ferie må gje tid til nærleik og fellesskap Gap ikkje over for mykje i frivekene

Ferien står for døra. Nokre herlege veker utan jobb og med mykje fri. Kven gler seg vel ikkje til det? Likevel kan røynslene frå ferien vera svært ulike. For nokre vert frivekene toppen, for andre det store vonbrot.

Kyrkjelydsbladet har bede tre «menneskekjenningar» om å gje nokre gode ferieråd. Det er overlege Ingerid Ravnsborg ved Familieavdlinga på Modum Bads Nervesanatorium og ekteparet Rut og Karsten Nordal, ho med røynsle frå Kirkens SOS, han ein kristen psykiater knytta til alkoholstomsorga. Og dette er deira råd:

Ferien må gje tid til nærleik og fellesskap. Gap ikkje over for mykje i frivekene og vent ikkje så mykje av veret. Styrk gjerne familiekjensla, men tving ikkje tenåringane. Søk det kristne fellesskapet i gudstjenester og møte også i ferien.

—Ingerid Ravnsborg, kva er det viktigaste ved å ha ferie?

— Framfor alt tid til nærleik. Familien må ha meir tid til å vera saman og gjera ting saman. Dermed er det ikkje sagt at alle skal gå oppi kvarandre heile tida, for variasjon er alltid godt.

—Kvifor kan enkelte vera så skuffa over ferien sin?

—Det kan vel vera at nokre ventar urealistisk mykje, seier ekteparet Nordal. —Ein bør vel ikkje rekna med å få med seg all verda på nokre få veker. Det er dessutan ikkje klokt å la veret avgjera om ferien blir god eller dårleg. Ellers er det vår røynsle at familiar som har det godt saman, vil få det enda betre i ferien, medan der det er problem mellom menneske, der

vi uesse verta sterkare. Difor bør ein ikkje berre sjå på ferien som fritid utan bindingar. Han representerer og ei utfordring til rollemønster, samarbeid og problemløysing i ein familie.


—Korleis bør ein familie planleggja ferien sin?

—Ein felles planleggjing er verd å freista, meiner Ingerid Ravnsborg. —Få alle ønskje på bordet og prøv å finna fram til kva det er mogeleg å gjera saman, og kva ein vil gjera kvar for seg. Det vert eit kompromiss i dei fleste tilfelle. Å tvinga tenåringane til familieferie har sjeldan noko for seg, men det er rikt å ha nokre ferietradisjonar. Ikkje sjeldan ser ein at unge etter ei tid vender attende til den forma for ferie deira foreldre sette pris på.

—Mange kristne tykkjer ferien vert ei «åndeleg tørketid».

—Det er ikkje rart det vert slik, seier Rut Nordal. —I ferien vert tider og stader kring oss endra. Det vanlege fungerer ikkje slik det brukar, og dette vil og gå ut over det faste andaktslivet. Er vi klar over at ferielivet verkar slik, då er det og mogeleg å gjera noko med det, for sommaren treng ikkje vera ei åndeleg tørketid. Gud er den same, og Ordet er det same. Vi må berre innretta oss slik at vi får kristenlivet til å fungera i ein situasjon som er annleis. Alle bibelcampane og sommarstevna ser eg på som eit svar på denne trongen. Dei kristne gudstenestene og møta om sommaren er ofte annleis enn elles i året. Dette kan verta ein rikdom å ta med seg for resten av året, berre vi er medvetne at vi søker dei kristne fellesskapa som er i ferien, seier ho. (KPK)


Glimt frå konfirmasjonen i Arna



Samtalegudsteneste: Kvar konfir-
mant har si oppgåve.




Songinnslag: Bjarthe Leithaug



Konfirmasjonsdagen: — Kappene
på




— og frisyren er viktig.



Litt spente på førehand?



Lensmannen dirigerar
trafikken ved kyrkja.




På veg til kyrkja




Alvorsfylte konfirantar?




Bøn for kvar konfir-
mant.




Fullsett kyrkje ser konfir-
mantane koma ned frå altarringen.



No er dagen i kyrkja ferdig. Mykje fint venta konfir-
mantane heime. Sette det spor for livet vidare det som hendte i kyrkja i konfir-
manta-tida?



Konfirmantfest i Ytre Arna



10. mai var det konfirmantfest på Ytre Arna skule. Rundt 130 var samla til ein kveld både med alvor og moro.



Takk til Evy!

Enno eit år har vi hatt gleda av å ha eitt-åring får Ungdomsforbundet i kyrkjelyden vår. Dette året er det, som mange veit, Evy Bjerga som har gjeve eitt år i arbeidet mellom born og ung. Ho har gjort ein fin innsats i denne tida. Spesielt nemner vi arbeidet som ho har lagt ned som leiar av fritidsklubben for funksjonshemma born og barnekoret på Trengereid. Dessutan har ho tatt del i barnearbeidet i Londalen, tensingarbeid, konfirmantarbeid og i mange andre samanhengar i kyrkjelyden.

Vi er glade for den tida vi har hatt Evy saman med oss i kyrkjelyden og for arbeidet som ho har gjort mellom oss. Vi takkar henne for innsatsen og ynskjer henne lykke til vidare.

Øyvind Øy

Evy vil gjerne bu i Arna eit år til medan ho studerar ved Norsk Lærarakademi. For å kunna gjera det, treng ho ein hybel i Indre Arna. Om nokon har noko å tilby, kan dei kontakta Kyrkjekontoret: tlf. 24 04 00.


Hos tannlegen

I går var jeg hos tannlegen og trakk ut to tenner.

—Men du hadde jo bare verk i den ene-?

—Ja, men han kunne ikke gi igjen på en hundrelapp.

Kristenrussen



Biletet viser nokre av Kristenrussen ved Arna gymnas dette året. I første halvdel av juni skal Kristenrussen ha møte ei rekkje stader i heile Hordaland. Dei reiser rundt i små grupper og samlar inn pengar til eit misjonsprosjekt.

Pengane skal gå til innkjøp av litteratur, enkle kassettpelarar, transportmidlar o.l. Dette skal brukast til evangeliseringsarbeid i Tanzania, og det er Norsk Luthersk Misjonssamband som har dette prosjektet.

Målet er å få inn kr. 100.000. Dei skal ha møte både i Ytre og Indre Arna. Dessutan vert det offer til prosjektet i begge kyrkjene søndag 12. juni.

Familieside

DØYPTTE:

Arna sokn:

- 24/4: Eirik Eliassen, Torstein Nilsen, Camilla Sårheim Prettun.
1/5: Maren Evensen, Oddvar André Dimmen Herland, Kristine Gjerstad, døpt i Birkeland kirke
15/5: Heidi Kristin Rath, døpt i Sæbø kyrkje.
22/5: Emil Mjånes, Frode Dammen Tyssebotn, Rudi René Moss Sørstrønen, Stian Boge Rasmussen, Arild Borge, Tommy-André Hasti, Hilde Kajal Drøsdal.

Ytre Arna sokn:

- 17/4: Kristine Gaupås, Jannicke Songstad.
24/4: Christine Eikefet, døpt i Arna kyrkje.
12/5: Eivind Haga, Per-Christian Hals.
22/5: Anders Sandvik Mc Auley

VIGDE:

Arna sokn:

- 7/5: Arvid Harald Solheim og Vivi-Ann Hals.

DØDE:

Arna sokn:

- 11/4: Marit Mjelde, f. 1957.
3/5: Astrid Midtsæter, f. 1910.

Ytre Arna sokn:

- 14/4: Ingeborg Gaupholm, f. 1907.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

17/4: D.N.Sjøm.misj.	3.115.-	17/4: Sygna vidareg.sk.	371.-
24/4: Kristenf.Edrusk.	1.261.-	1/5: Kristne Arb.Forb.	505.-
1/5: Bedriftsmisj.	939.-	8/5: Kyrkjelydsarb.	2.003.-
8/5: Kyrkjelydsarb.	3.665.-	12/5: Det Hvite Bånd	617.-
12/5: Kyrkjelydsarb.	5.023.-	TRENGEREID:	
15/5: Kristel.kringk.	750.-	17/5: Arna sundagsk.	657.-
17/5: Arna søndagsk.	2.306.-		

YTRE ARNA:

17/4: Sygna vidareg.sk.	371.-
1/5: Kristne Arb.Forb.	505.-
8/5: Kyrkjelydsarb.	2.003.-
12/5: Det Hvite Bånd	617.-

TRENGEREID:

17/5: Arna sundagsk.	657.-
----------------------	-------

Til kyrkjelydsarbeidet i Ytre Arna er det kome inn anonyme gaver på kr. 4.300. Noko skulle fordelast mellom høyreanlegg, kyrkjelyds-huset og pianoet i kyrkja.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Tor Horntvedt, Harald Sundsbø.
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25.-

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Presten har ordet

Harald Sundsbø



Dåpsopplæring

I kyrkjelege organ vert det no gjort eit stort arbeid for å leggja til rette og setja i verk ein plan for dåpsopplæringa.

Når eit barn vert døpt får foreldra saman med kyrkjelyden eit ansvar for opplæring slik at barnet kan verta verande hjå Kristus når det veks opp.

I samband med den nye ordninga for dåp, vart kyrkjelyden sitt ansvar for dette understreka.

Kyrkja vil ta dette ansvaret alvorleg. Mykje har alt vore gjort — lat oss ikkje gløyma det. Sundagsskulen er ein viktig del. Kristendomsundervisninga i skulelikeins — sjølv om den i namnet ikkje er kyrkja si dåpsundervisning.

Alt kristent barne- og ungdomsarbeid høyrer og med. Dei frivillige kristelege organisasjonar sitt arbeid er viktig i denne samanhengen.

Litt av arbeidet er å byggja ut kontakten med borna på ulike alderstrinn: Helsingar på dåpsdagen dei første åra og «Mi kyrkjebok» til 4-åringane er kjent for mange. Kontakt med 7-åringane og 11-åringane arbeider ein også med. Frå før har vi konfirmanttida. Dåpsopplæringa sluttar likevel ikkje med det. Alle treng vi å verta verande hjå Kristus heile livet, og difor har ein også sagt at dåpsopplæringa eigentleg er livsvarig.

Når kyrkja legg mykje arbeid i dette er det fordi ein meiner det er viktig for dei som vert døpte. Ja,

nødvendig når ein døyper born. Men skal det fungera, er ein heilt avhengig av eit samarbeid med foreldra. Mange foreldre er kanskje litt usikre på om ein kan fylla den oppgåva ein svarar ja til ved døypefonten. Ved å medverka til at borna tek del i det eg har nemnt, vil ein også vera med på å oppfylla lovnaden.

Sundagsskulen har altfor få born mange stader i Arna. Kanskje ein kunne starte der? Familiiegudstenestene samlar mange i kyrkjene — men det er plass til fleire, både små og store!

Redaksjonsnemnda
ynskjer alle lesarane

GOD SOMMAR

Neste nr. kjem ca. 1. sept.

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.

Kleivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Kyrkje- nytt i ARNA



ARNA

Ny altarduk. Altarduken i kyrkja er no sliten slik at ein må få ny duk. Soknerådet vil prøva å få den sydd i Arna, og ein gjorde på siste møte vedtak om å undersøka om nokon vil ta på seg den oppgåva.

YTRE ARNA:

Elektrisk ringing. Dei fleste kyrkjene i Bergen har no elektrisk ringeanlegg. I Arna er det berre klokkene på kyrkjegarden som er utstyrt med det. No står Ytre Arna kyrkje for tur å få dette monterert. Om ikkje så lenge vil det venteleg vera på plass. For kyrkjetenaren skulle det gjera arbeidet lettare - ikkje minst ved jul, påske og pinse. Kvelden før desse høgtidsdagane skal det ringjast ein heil time med klokkene. Om ikkje så altfor lenge vonar vi også at Arna kyrkje får dette.



Kyrkjetenar Sylvi Sæle ved klokke i Ytre Arna kyrkje.

Offerposar. Soknerådet har gjort vedtak om å bruka offerposar til å samla inn offert i kyrkja. Slike posar er no i bruk i dei flest kyrkjene. Etter den nye ordninga for gudstenestene skal offeret berre leggjast på altaret høgtidsdagar og ved familiegudstjeneste.

Framh. frå s. 1.

ordning vi no prøver vil ikkje kunna verta så trygg som utsending gjennom Postverket.

Men vi vil leggja vekt på at den skal verta så god me kan få til. Difor om nokon saknar bladet i førstevinga av september vil vi gjerne vita det slik at det kan verta retta opp. Meld frå til Kyrkjekontora om det. Blada vert lagt i postkassane. Er det då nokon som får berre eit blad medan dei skulle hatt 2, så meld frå om det også.

Sokneråda har vedteke dette som ei prøveordning. Så etter ei tid vil ein vurderer røynslene. Dei som bur utanfor Arna vil framleis få bladet i posten dersom dei har betalt kontingent.

Betalinga av bladet for dei som bur i Arna vil framleis vera ved ein frivilleg kontingent. I kvart nummer står postgiro/bankgiro med adresse for innbetalingar. Dessutan vert det sendt postgiroblankett ein gong i året i bladet.

Vi vil likevel gjera merksam på at dei som deler ut bladet ikkje skal ta pengar for det. Vi har høyr rykter om at nokon har prøvd å «selja» Kyrkjelydsblad. Desse «seljararne» har ikkje noko med bladet å gjera.

Så vonar vi den nye omberingsmåten vii verta god og at bladet såleis kan få betre økonomi. I samband med denne omlegginga vil det også verta lagt ut blad til å ta med seg i kyrkjene.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning

Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN
VEST
AVDELING ARNA

— til bygdefolket slitt beste



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Veikomen til kyrkje



- 12/6 **Arna kl. 11.00:** Familiegudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Offer til kristenartianarane. Tur etter gudstenesta.
Ytre Arna kl. 11.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy.
Trengereid kl. 16.00: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Trengereid barnekor.
Takvam kl. 16.30: Familiegudsteneste v/res.kap Sundsbø.
- 19/6 **Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Samemisjonen.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. Nattverd.
- 26/6 **Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Offer til Sygna vidaregåande skule.
- 03/7 **Arna kl. 11:** Trygve Helge Kleppstø. Ofring til kyrkjelydsarb.
Ytre Arna kl. 11: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Menighetsseminara.
- 10/7 **Arna kl. 11:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Norsk kristen muslimmisjon.
Trengereid kl. 11: Ingmar Ljones. Offer til Israelsmisjonen.
- 17/7 **Arna kl. 11:** Sokneprest Øy.
Ytre Arna kl. 11: Trygve Helge Kleppstø.
- 24/7 **Arna kl. 11:** Olav Hesjedal og Lars Gunnar Taule.
Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Kristent arbeid blant blinde.
- 31/7 **Arna kl. 11:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
- 07/8 **Arna kl. 11:** Forstander Audun Tang. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Offer til Bildøy Bibelskule.
- 14/8 **Arna kl. 11:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd.
Ytre Arna kl. 11: Sigv. Storheim og Per Sæle. Offer til Kristenfolkets edruskapsråd.
Trengereid kl. 11: Kateket Målfrid Sandvik.
- 21/8 **Arna kl. 11:** Sokneprest Øy. Offer til Misjon bak jernteppet.
Ytre Arna kl. 11: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til diakoninstitusjonane.
- 28/8 **Arna kl. 11:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til folkebevegelsen for livsrett og menneskeverd.
- 04/9 **Arna kl. 11:** Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11: Familiegudsteneste v/sokneprest Øy.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Torsdag kl. 17.30-19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jepsensv. 39:

Tlf. 24 23 03.

Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30

Frist for innlevering av stoff til nr. 6: 10. august.